

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP

# 2013



**ROGALAND BONDELAG**



# EN LØNNSOM PARTNER!



Felleskjøpet Rogaland Agder

[www.fkra.no](http://www.fkra.no)

# Innhald

Årsmøtet – 2013 .....	3
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2013.....	8
Næringspolitiske saker.....	9
Organisasjonssaker.....	25
Andre saker.....	34
Arbeid i utvala .....	41
Leiarane i lokallaga.....	44
Medlemsoversikt .....	45
Rekneskapen 2013 .....	46



**Framsdebilde:**

*Rundballeaksjonen Sjernarøy.*

*Fotograf Torgeir Aartun.*

## Frå styret:

# Eit levande landbruk

Matfylke Rogaland er eit merkevare. Det er bygd opp nettverk mellom produsentar, foredlingsindustri, forskning, marknadsføring med fleire for å auka verdiskapinga. Rogaland Bondelag er aktivt med på fleire måtar i denne samanheng. Større bevisstgjerung av mat som eit råstoff til innovasjon er viktig og det er tradisjonelt landbruk som legg grunnlag for arbeidsplasser innan vidareforedling. Det er den enkelte bonde som legg grunnlaget for satsing innan matproduksjon i fylket. Det bør vera brei politisk vilje til å satsa på mat i Rogaland også i framtida.

2013 vart eit minnerikt år. Ein svært lang og hard vinter førte til store overvintringskader i store deler av fylket. På Jæren var det særskilt raigraset som ikkje klarte overvintringa. For fleire bønder vart det ikkje noko første slott å hausta, og for andre vart avlinga svært liten. Både grønsakprodusentane, frukt- og bær dyrkarane opplevde den harde vinteren som svært krevjande.

Når me opplever å bli motarbeid av værgudane og at heile inntektsgrunnlaget står på spel, så utfordrar det humør og trygghet i kvardagen. I norsk landbruk er det godt innarbeid ei forståing om at me alle er i same båt og at me er gjensidig avhengig av kvarandre. Derfor var det svært prisverdige at privatpersoner tok initiativ til eit møte på Undheim samfunnshus som samla meir enn 300 fortvilte bønder. Av og til er det godt å treffa likesinna og å få snakka ut om felles problem. Til alt hell vart både sommaren og hausten svært god og dette retta opp mykje av den avlingsreduksjonen me opplevde frå våren av.


I Vindafjord har bondelaga i kommunen gått saman om å danna «Vindafjordbonden AS». Målet med organisasjonen er både indremedisinsk og ytremedisinsk. Gjennom å styrkja trua på seg sjølv og på det landbruket i Vindafjord står for, vil medlemmane visa omverda kva landbruket betyr både som økonomisk verdiskapar og for kulturlandskapet. Gjennom «Vindafjordbonden» vil medlemmane bli ein gjeng som «vil vekst», både for seg sjølv og for gruppa. Organisasjonen vil bidra til auka statusen for alle bønder og land-

bruket hjå folk flest og hjå styresmakterne. Dette er eit lokalt initiativ på eit positivt og framtidsretta bondeopprør for å løfta den norske bonden. Det er når me dreg i lag, me kjem lengst.

Berre om lag 10% av arealet i Rogaland er dyrka eller dyrkbar jord. Rundt mange av tettstadene i fylket er andelen av dyra eller dyrkbar jord mykje høgare. På dette avgrensa arealet finn me noko av landets viktigaste jordbruksområde, landets kanskje mest ettertrakta utbyggingssareal og eit mykje brukt friluftssareal. I tillegg finn me store verneinteresser både på natur- og kultursida.

Professor Dag Jørund Lønning ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har siste år gitt ut ein interessant arbeidsrapport, «byfolk om bønder». I rapporten er det gjort greie for ei undersøking som er utført i Sandnes sentrum om kva menneskjer som nyttar Sandnes sentrum (byfolk) meiner om landbruk, jordvern og kulturlandskap. Heil 93% av dei som bur i Sandnes kommune seier at jordvern er «veldig viktig». For dei som bur andre stader i jærregionen er talet 91%, medan 83% av dei som bur utanfor regionen meiner at eit aktivt jordvern er «veldig viktig». For politikarar og samfunnsplanleggjarar må dette vera eit svært sterkt signal om at jordvern er viktig i arealplanlegginga. Jorda er grunnlage for heile matproduksjonen og den må forvaltast med respekt. Fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren er eit viktig styringsreiskap for jordvernsspørsmål i fylket og den må følgjast opp.

2013 var eit valår, og valet gav oss ei blå-blå mindretalsregjering med støtte frå KrF og V. Det var svært overraskande at Frp, det partiet som har argumentert mest for store omveltningar i landbrukspolitikken, fekk ansvar for landbruksdepartementet. Den nye landbruksministeren, Sylvi Listhaug, var raske med å besøkja Rogaland der ho mellom anna besøkte mjølkebonde Sindre Årsvoll i Sandnes og gartner Jone Wiik i Klepp. Rogaland Bondelag fekk også eit møte med Statsråden. Me tok opp utfordringa med jordvern og eit effektivt tollvern og at landbruket treng forutsigbarhet og stabile rammer.



Bondelaget er ikkje imot ei kvarform for endring eller forenkling, men det er viktig å få vurdert effekten av forslaga. Politikken må bygge på kunnskap for å oppnå måla om forutsigbarhet og reformer som kan gi auka lønnsmed for bonden. Dette vert krevjande og me har alle eit ansvar til å påverka dei politiske vedtaka som blir tekne. Det er som kjent nærast grasrota me har størst påverknad.

Rogaland Bondelag har denne hausten bruk mykje tid på politisk arbeid. Dette er eit arbeid som me vil halda fram med i 2014. Jordbruksforhandlingane til våren vil bli den første verkelege testen på regjeringa sin landbrukspolitikk.

Målfrid slutta på kontoret ved årsskifte for å bli pensjonist. Me er Målfrid stor takk skyldig for den store innsatsen som ho har lagd ned for Rogalands bondene. Samstundes ønskjer me Are H. Braaten velkomen som ny medarbeidar på kontoret.

Til sist vil me takke alle tilsette og tillitsvalde for ein solid arbeidsinnsats i året som ligg bak oss.

*Stavanger den 10. februar 2014  
Ola Andreas Byrkjedal*

# Årsmøte i Rogaland Bondelag 2013

*Årsmøtet i Rogaland Bondelag vart avhalde fredag 8.- lørdag 9. mars på Scandic Stavanger Forus. Møteleiar var Arnstein Gilje. Sentrale tema var jordbruksforhandlingane 2013 v/ nestleier i Norges Bondelag, Berit Hundåla.*

## Korrigerering av deltakarliste:

Alle deltakarane vart registrerte og ved møtestart var det 62 utsendingar frå 31 lag. Frå styret møtte alle 7 representantane. 3 medlemmar frå årsmøtet i Norges Bondelag, ein representant frå RBU, 2 representantar frå RBK og eit medlem av representantskapet i Norges Bondelag. Totalt var det 78 røysteføre. Frå Norges Bondelag deltok 1. nestleiar Berit Hundåla. I tillegg var det fleire gjester.

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal ønskte utsendingane, æresmedlemmar og gjester velkommen og gav ordet til møteleiar, Arnstein Gilje som refererte innkalling og sakliste. Det var ingen merknader. Møteleiar erklærte møtet for lovleg sett og gjorde møtet ope for pressa med høve til å lukka møtet, dersom saker skulle tilseia det.

Til å skriva under møteboka vart følgjande valde:

Kåre Søyland frå Gjesdal Bondelag og Inga Steinsland frå Bjoa Bondelag.

Til medlemmar i resolusjonskomiteen vart følgjande valde:

Leiar Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim Bondelag, Ole Andreas Aarsland, Varhaug Bondelag, Svein Nesheim, Vats Bondelag, Helge Todnem, Randa-berg Bondelag og May Ann Levik Forsand Bondelag, Sonja Herikstad Skårland, styret i RB. Marianne Osmundsen frå kontoret var sekretær.

## Leiaren sin tale:

I talen frå Ola Andreas Byrkjedal var tema blant anna følgjande:

- Stortingsmeldinga "Velkommen til bords" hadde ein store forventningar til.



*Bondesongen.*

- Brotet i forhandlingane, stor skuffelse på staten sitt tilbod.
- Aksjonane i samband med brotet, hektisk og inspirerende.
- Verdskapinga i landbruket, primærleddet. Rapport lagt fram i 2012.
- Importvern, overgang til % på enkelte vareliner innan ost og kjøt. Felles uttale saman med LO Rogaland og NHO Rogaland.
- Miljø.
  - Biologisk mangfald, beiting og gjengroing.
  - Optimal bruk av husdyrgjødsel
  - Revidering av gjødselsforskriftene.
  - Grøfttilskot, regelverket ikkje klart enno.
  - Økologisk landbruk
  - HMS arbeid på garden.
- Jordvern, auka matproduksjon i takt med auken i befolkninga. Eit sterkare jordvern gjennom endring av grunnlova og jordlova.
- Rovvilt. Ikkje ynglande rovvilt i Rogaland, unnatak på kongeørn.
- Val 2013. Vi skal få fram forskjellane i landbrukspolitikken.
- Medlems-organisasjonsarbeid. Vi får gjennomslag på saker som vi tek initiativ til. Aktive lokallag. Vi er største fylkeslag, viktig med nye medlemmar. Syna igjen i samfunnsdebatten.
- Meiningsfyltyrke. På lag med naturen. *Det er når vi dreg i lag, at vi kjem lengst.*

På grunnlag av leiarens tale, vart det opna for debatt. Følgjande hadde ordet i debatten:

Bernt Palle Nærland, Sven Roald Tengesdal, Ole Andreas Aarsland, Askild Eggebø, Sigmund Svendsen, Arne Berge, Øyvind Voilås, Jan Tore Reve, Bente Gro Slettebø, Jofrid Torland Mjåtveit, Torbjørn Nordland (RBS), Geir Jone Pollestad.

## Nokre punkt frå debatten:

- Medlemskontingent
- Jordvern, utbyggingspress
- Jordvern i forhold til verneforskrifter
- Grøfttilskot
- Bondens inntekt, matproduksjon
- Val 2013
- Treng landsiktige rammevilkår
- Brotet, bra
- Importvern, kva er viktigast - norsk eller utanlandsk landbruk?
- Pelsdyr
- Verdskapingsrapporten i landbruket
- Matmelding, "Frå jord til bord", landbruket ikkje til for bonden, men for matproduksjon til folket
- Svarthalespove, takk for støtte
- Mjølkeproduksjonen – berebjelken i landbruket
- Bondelaget og bonden må vera synlege. Det er bare vi som kan produsera mat.

- Stort underskot i marknaden på norskprodusert storfekjøt. Behov for 80.000 ammekyr for å dekke marknaden.
- Ønskjer kvalitetstilskot på storfekjøt

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal oppsummerte og takka for gode diskusjonar.

Møteleiar takka for godt engasjement og gjekk vidare på sakslista.

### Sak 1. Årsmelding

Nestleiar i styret Per Inge Egeland gjekk gjennom årsmeldinga og kommenterte enkelte punkt.

Kåre Søyland, Gjesdal Bondelag kommenterte styret si haldning i forhold til krav om beiting.

Årsmelding for 2012 vart samrøystes godkjend.

### Sak 2. Rekneskap for 2012

Org. sjef Olav Sande gjekk gjennom rekneskapen .

Det var ingen spørsmål/kommentarar til rekneskapen.

Rekneskapen for 2012 vart samrøystes godkjend.

### Sak 3. Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker til årsmøtet.

### 1.nestleiar i Norges Bondelag, Berit Hundåla, hadde innlegg på tema.: ”Nye moglegheiter”

Følgjande tema vart tatt opp i hennar innlegg:

- Brotet i jordbruksforhandlingane i 2012.
  - Statens tilbud var ein nedtur ut frå signala i landbruksmeldinga.
- % toll viktig for målpris
- Val 2013
  - Vårt bidrag i valkampen er å synleggjera konsekvensane innan distriktsprofil, matproduksjon og auke i matproduksjonen på line med befolkningsauken.
- Pengar på bordet.
  - AP, SP, SV treng distriktsstemmer.
- Jordbruksforhandlingane 2013
  - Må få meir enn kronemessig lik utvikling. Inntekta i landbruket er bygd på pris i marknaden og budsjettmiddel.
  - Bruk av verkemiddel, struktur.
  - Krav i 2012 kr 50 000,- pr årsverk, tilbud kr 13 000,- pr årsverk.
- Tydelegare distriktsprofil, rapport frå utval.
  - Eit politisk ønske om rapport
  - Bruken av verkemiddel
  - Utviklinga i norsk landbruk
  - Fleire uprioriterte tiltak for distriktslandbruket
  - Ikkje omfordela verkemiddel frå sentrale område
- Auke i storfeproduksjonen, meir pengar på bordet.
- Arbeidsgruppe korn.
  - 35 000 da kornareal ut av produksjon dei siste 20 åra.

- Bodskap – meir pengar på bordet, høgare inntekt.

Etter Berit Hundåla sitt innlegg hadde følgjande ordet:

Sven Martin Håland, Øyvind Steinnes, Norleif Fjellheim, Geir Jone Pollestad, Arne Berge, Bjarne Undheim, Jofrid Torland Mjåtveit, Gudmund Oremo, Willy Finnbakk og Ola Andreas Byrkjedal.

### Nokre punkt frå debatten:

- Inntektsnivå, må tena betre i landbruket
- Må vera offensive i forhandlingane
- Spissing av verkemiddel ned på gardsnivå
- Tilskota er ein del av driftsinntekta
- Prisnedskrivning på kraftfôr må aukast/brukast meir aktivt.
- Distriktsjordbruk, må ikkje gløyma at det er mindre bruk, også i sentrale område, som har behov for økonomisk løft.
- Kva er kortreist mat? Norsk mat er kortreist.
- Prisnedskrivning på korn må reduserast. Gris,egg og fjørfe må ta prisen ut i marknaden.
- Vi må ha bønder overalt, matproduksjon i heile landet.

Berit Hundåla takka for mange gode innlegg/synspunkt frå årsmøteutsendingane. Ho kommenterte fleire innlegg og gav utfyllande kommentarar.

Det vart i løpet av ordskipta fremja fleire forslag til resolusjon frå årsmøtet.

Resolusjonskomiteen arbeider vidare med forslaga og vil koma med ei tilråding på tal og innhald.

### Temaforedrag:

Tom Hetland frå Stavanger Aftenblad var invitert med innlegg på tema:

”Eit politisk skråblikk framføre stortingsvalet”

Tom Hetland hadde ei analyse på moglege regjeringsalternativ etter valet.

Vidare hadde han gode analysar på partia sine samanfallande standpunkt og partia sine ulike standpunkt i moglege regjeringsalternativ.

Dei ulike partia sine standpunkt i landbrukspolitikken var og tema der forskjellane mellom partia kom godt fram.

Fylkesleder Ola Andreas Byrkjedal.





F.v. Per Inge Egeland, Gette Eidesen, Liv H. Svendsen (RBK) og Ola Andreas Byrkjedal.

### Gode tilbakemeldingar

Etter innlegget til Tom Hetland hadde følgjande ordet:

Hallgeir Langeland- stortingsrepresentant frå SV, Sven Martin Håland, Øyvind Voilås, Berit Hundåla, Hadle Nevøy - landbruksdirektør fylkesmannen, Kjell Andreas Heskestad, Arnstein Gilje.

Nokre punkt frå ordsiftet:

- Stem på meg, valkamp.
- Importvernet avgjerande
- Skal vi ha same krav i jordbruksforhandlingane, raudgrønt – blåblått?
- Krava i jordbruksforhandlingane er etter landbruket sitt behov, ikkje etter farge på regjering.
- Har bonden eit problem med blåblått –det er det norske folk som har eit problem.
- Jordvern – blåblått er farleg.
- Kjedemakt, prissetting av matvarer.

Tom Hetland avslutta ordsiftet.

### Lukka møte

Årsmøtet vart lukka. Det er årsmøteutsendingane og tilsette på kontoret som deltek på denne typen lukka møte.

Berit Hundåla orienterte om følgjande:

- Regelverk på uravstemming. Melding om uravstemming må motparten få beskjed om før forhandlingane startar.
- Aksjons”beredskap”
  - Lokale punktaksjonar
  - Fylkesvise aksjonar
  - Sentrale aksjonar

Om det også i år skulle verta brot i forhandlingane, kan noko av det som vart planlagt og gjennomført i fjor, nyttast. Men nye former for aksjonar må også planleggast.

I ordsiftet etter innlegget kom det fram synspunkt som fylkeslaget vil ta med seg i det vidare arbeid i si planlegging.

Slutt første dag.

### Middag om kvelden

Under middagen vart Tysvær Bondelag utnemnd til årets lokallag i Rogaland. Prisen er ei møteklubb med inngravering og eit pengebeløp på kr 5000,-. Det var Ola Andreas Byrkjedal som delte ut prisen. Tysvær Bondelag vert nominert til årets lokallag nasjonalt, den prisen vert delt ut på årsmøtet til Norges Bondelag. Leiar i Rogaland Bygdekvinneleg Liv H Svendsen takka fylkeslaget for godt samarbeid.

### Dag 2

#### Sak 4. Budsjett for 2013

Org. sjef Olav Sande la fram styret sitt forslag til budsjett.

Vedtak: Forslag til budsjett vart godkjent.

#### Sak 5. arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2013 – 2014

Styremedlem Sonja Herikstad Skårland la fram styret sitt forslag til arbeidsplan.

Følgjande hadde ordet: Norleif Fjellheim. Helge Todnem, Øyvind Steinnes, Svein Helge Høyvik, Per Inge Egeland, Berit Hundåla, Ole Andreas Aarsland, Ola Andreas Byrkjedal. Bente Gro M Slettebø fremja følgjande forslag til nytt punkt i arbeidsplanen under punkt – Delta i samfunnsdebatten:

- Minst ein i styret bør vera aktiv på sosiale medium.
- Alle lokallag skal i løpet av året få tilbod om hjelp til å oppretta heimeside. Samrøystes vedtatt.

Innspel frå Norleif Fjellheim (valkomiteen - gjest)

- Areal og ressursforvaltning.
  - Følgja opp/overvaka jordvernsi-

tuasjonen i kommunane. Arbeida for å tilbakeføra matjord til anna jordbruksareal ved omdisponering. Arbeida for å få nye forskrifter på dette temaet inn i plan og bygningslova.

- Auka kompetansen i lokallaga innan planarbeid i kommunane.
- Hjelpa til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og regulerings saker på kommunenivå.
- Gå aktivt inn i ulike vernesaker som kjem opp til behandling.
- Innspel frå Norleif Fjellheim vart oversendt styret.

### Resolusjonar

Det var forslag på følgjande resolusjonar:

- Ny trasé for E39 gjennom Rogaland. Lagt fram av Bjerkreim Bondelag
  - Ved avstemming vart forslaget med møteleiar si dobbelstemme avvist.
- Spissing av verkemidla. Lagt fram av Lund Bondelag.
  - Sak innan jordbruksforhandlingane. Lund Bondelag bør gje innspel til neste års jordbruksforhandlingar
- Tydelegare distriktsprofil. Lagt fram av Time Bondelag.
  - Vart omgjort til uttale, som skulle sendast styret i Norges Bondelag.

### Uttale frå årsmøtet Rogaland Bondelag 2013

#### Distriktsprofil

Uttalen byggjer ikkje på ein fullstendig gjennomgang av rapporten. Tydelegare distriktsprofil.

Mandatet frå St. meld 9, 2011-2012 om tydelegare distriktsprofil skal og forenkla verkemiddelbruken og han skal heller ikkje verta avgrensa av ordningar og innretningar i meldinga.

Struktur og distriktsverkemiddel er

begge viktige element for eit landbruk med variert bruksstruktur i heile landet.

Årsmøtet finn grunn til å setja spørsmålsteikn ved eit eintidig fokus på distriktspolitiske verkemiddel og ikkje strukturpolitiske middel i rapporten.

Årsmøtet meiner den sterke strukturutviklinga i mjølkeproduksjonen er den viktigaste grunnen til at område med mange mindre bruk, grunna geografiske forhold, ikkje har delteke i denne utviklinga. Referansebruka (s 65) nr.12 og 13 (minste og største 1/3) viser stor skilnad på inntekt frå 99-2010. Rapporten har lite eller ikkje drøfta moglegheit av å bruka strukturmiddel framfor distriktsmiddel.

Innføring av TDP klasse A og B for å bidra til inntektsutjamning, bryt med forenkling og historisk grunngeving for å kompensera for geografisk betinga driftsulemper.

Årsmøtet vil også peika på auken i distriktsverkemiddel i åra 2009-2012 på 450 mill. Utslaget av dette er det for tidleg å sjå heile resultatet av.

Oversendt styret for vidare oppfølging, skal sendast til Norges Bondelag.

Resolusjonskomiteen fremja følgjande resolusjon, utarbeidd på bakgrunn av ordskiftet på årsmøtet:

### Resolusjon frå årsmøtet i Rogaland Bondelag 2013.

#### *Utan importvern og jordvern stoppar landbruket.*

#### **Importvernet og matjorda er avgjerande om ein skal auka norsk matproduksjon**

- Regjeringa har lova å sikra ein auke i norsk matproduksjon i takt med befolkningsauken, som er omlag 1% per år.
- Regjeringa må nytta seg av retten til å ha eit best mogleg fungerande

importvern for norskproduserte varer.

- Utan importvern vil det vera umogleg å ha produksjon i heile landet.
- Matjorda må ein ta vare på, ho må ikkje brukast til anna verksemd. Dette for at våre etterkommarar skal kunna produsera sin eigen mat.

Landbruket treng langsiktige planar og inntektsmoglegheit som gjer at næringa kan fornyast og vidareutviklast ut frå framtidige behov. Då er importvernet avgjerande, og matjorda ein føresetnad.

Etter ordskiftet vart forslaget til resolusjon samrøystes godkjent.

### Orientering frå U – landsutvalet

Leiar i U – landsutvalet, Elisabeth K. Nesheim, orienterte om arbeidet i Kamerun gjennom 50 år. Fleire landsbyar har fått god hjelp innan brubygging, brønngaving, skule og helsetilbod og økonomisk rettleiing/spareklubbar. Basis for arbeidet er involvering og nytte av lokale ressursar. U – landsutvalet har to lokalt tilsette prosjektleiarar. Representant frå U-landsutvalet er med 3 – 5 års mellomrom i Kamerun, møter prosjektleiarane og ser på resultatata.

### Sak 6. Val

For å få ein oversikt på kor mange delgatar med stemmerett som var tilstades, vart det teke opteljing. Det var 72 delegatar med stemmerett.

Leiar i valkomiteen, Sigmund Slettebø, orienterte om valkomiteen sitt arbeid. Innstillinga frå valkomiteen er samrøystes. Ordstyrar leia valet.

#### 1. Leiar for eit år

Etter forslag frå valnemnda vart Ola Andreas Byrkjedal gjenvald som leiar med 70 stemmer. 2 blanke stemmer.

#### 2. Val av to medlemmar til styret for to år

Forslag frå valnemnda:

*Representant frå Ryfylke:*

Lisa Breiland. Vart vald med 70 stemmer. 1 blank.

*Representant frå Nord Rogaland:*

Jan Idar Haugen.

*Forslag frå May Ann Levik:*

Som motkandidat til Jan Idar Haugen vart Gette Eidesen føreslått.

Ved avstemming fekk Jan Idar Haugen 38 stemmer, Gette Eidesen fekk 32 stemmer, 1 blank og 1 vart forkasta. Jan Idar Haugen vart vald som styremedlem.







*Ev. Helge Todnem, Ole Andreas Aarsland, Ola Andreas Byrkjedal, Arnstein Gilje, Per Inge Egeland og Olav Sande.*

### **3. Val av nestleiar for eit år**

Etter forslag frå valnemnda vart Kjell Andreas Heskestad vald med 68 stemmer. 4 blanke.

### **4. Tre varamedlemmer til styret for 1 år**

Forslag frå valkomiteen

1. varar: Arnstein Røyneberg, Sola
2. varar: Ane Waage Haakull, Tysvær
3. varar: Jarle Ravnås, Strand

Forslag frå Gudmund Oremo: Jarle Ravnås som motkandidat til Arnstein Røyneberg. Ved avstemming fekk Arnstein Røyneberg 70 stemme, Jarle Ravnås 2 stemmer. Arnstein Røyneberg vald som 1. varamedlem

Forslag frå May Ann Levik : Gette Eidesen som motkandidat til Ane Waage. Ved avstemming fekk Ane Waage 43 stemmer og Gette Eidesen fekk 27 stemmer. 2 blanke stemmer. Ane Waage er vald til 2. varamedlem.

Jarle Ravnås vart vald som 3. varamedlem med akklamasjon.

### **5. Fem utsendingar til årsmøtet i NB for 2 år**

*Frå Nord-Rogaland:*

Jan Idar Haugen, Skjold

*Frå Ryfylke:*

Jarle Ravnås, Strand

*Frå Jæren:*

Arne Berge, Time  
Bjørn Friestad, Søre Hå  
Bernt Palle Nærland, Sandnes  
Valde med akklamasjon.

### **6. 11 vararepresentantar til årsmøtet i Norges Bondelag**

1. Ane Waage Haakull, Tysvær
  2. Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim
  3. May Ann Levik, Forsland
  4. Roar Lima Grødeland, Orre
  5. Kåre Søyland, Gjesdal
  6. Inga Steinsland, Bjoa
  7. Jostein Sleveland, Helleland
  8. Guttorm Gudmestad, Rennesøy
  9. Ole Magnar Birkeland, Sauda
  10. Rasmus Bø, Fogn
  11. Olav Sande, organisasjonssjef
- Valde med akklamasjon

### **7. Ordstyrar for leiarmøtet i 2013 og årsmøtet i 2014**

Per Inge Egeland, Hjelmeland  
Varaordstyrar:  
Ole Andreas Aarsland, Varhaug  
Valde med akklamasjon.

### **8. 4 medlemmar med vararepr. til valnemnda for årsmøta i 2014 og 2015**

*Frå Jæren:*

Sigmund Rangén, Varhaug  
Vara: Jone Fosse, Time

*Frå Dalane:*

Svein Roald Tengedal, Bjerkreim  
Vara: Gaute Urdal, Sokndal

*Frå Ryfylke:*

Gerd Johanne Bø, Fogn  
Vara: Olav Dysjaland, Rennesøy

*Frå Nord-Rogaland:*

Jørn Apeland, Sandeid  
Vara: Kjell Thomas Kirketeig, Ølen  
Valde med akklamasjon.

### **9. Leiar og nestleiar i valnemnda:**

Leiar: Sigmund Slettebø, Eigersund  
Nestleiar: Roar Lima Grødeland, Orre  
Valde med akklamasjon.

### **Ordet fritt – helsingar**

Helsing frå Torleif Stople frå Landkreditt.

May Ann Levik frå verveutvalet, god innsats i vervearbeidet i 2012, stå på i 2013.

Olav Varhaug, frå Rogaland Bygdeungdomslag.

Styreleiar Ola Andreas Byrkjedal takka Per Inge Egeland, Gette Eidesen og Liv H. Svendsen frå RBK for godt arbeid og god innsats i styret, samt møteleiar og tilsette.

*Arnstein Gilje  
Inga Steinsland  
Kåre Søyland  
Olav Sande, referent*

# Styret og utval i Rogaland Bondelag – 2013

## Styret:

Ola Andreas Byrkjedal  
Kjell Andreas Heskestad  
Sonja Herikstad Skårland  
Lisa Breiland  
Jan Idar Haugen  
Olaug Johanne Vikingstad (RBK)  
Olav Varhaug (RBU)  
1.v.m. Arnstein Røyneberg  
2.v.m. Ane Waage Haakull  
3.v.m. Jarle Ravnås

## Informasjonsutvalet:

Kjell Andreas Heskestad  
Bente Gro M. Slettebø  
Lisa Breiland  
Sigbjørn Andreas Hofsmo  
Svein Ståle Kolstø

## Grøntutvalet:

Ståle Runestad  
Ola Sunde  
Terje Pundsnes  
Odd Sele  
Arne Vagle, Jæren Forsøksr.

## Jordvernutvalet:

Gette Eidesen  
Torgeir Kinn  
Arnstein Røyneberg  
Erik Thoring, Naturvern f. i Rog  
Hans Aarsland, Jordv. f. Rogaland

## Verveutvalet:

Geir Oluf Hareland  
Solveig Øie  
Kjell Andreas Heskestad

## U-landsutvalet:

Elisabeth K. Nesheim  
Terje Øen, TINE M. Sør BA  
Synnøve Jørgensen  
Kari Rege Nilssen

## Samarbeidsrådet:

Olav Røysland  
Ola Andreas Byrkjedal  
Hanne Våland  
Askild Eggebø  
Aasne Aasland  
1.v. Morten Malmin  
2.v. Lodve Håland  
3. v. Einar Sunde



*F.v. Sonja Herikstad Skårland, Ola Andreas Byrkjedal, Lisa Breiland, Jan Idar Haugen, Kjell Andreas Heskestad. Ikke tilstede: Olaug Johanne Vikingstad (RBK) og Olav Varhaug (RBU).*

## Samarbeidsutvalet rb/gj.:

Ola Andreas Byrkjedal  
Kjell Andreas Heskestad  
Olav Sande  
Gjensidige Forsikring:  
Torbjørn Bø

## Diverse adresser/kontakter

Arna Høyland, Leder i valg nemda  
i Norges Bondelag

## Æresmedlem i fylkeslaget:

Einar K. Time, Stavanger  
Bjarne A. Undheim, Time  
Karl Bråдли, Bjerkreim  
Svein Helge Harbo, Nærbø

## Utsendinger til Norges Bondelag:

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal  
Kjell Andreas Heskestad, Lund  
Jan Idar Haugen, Skjold  
Lisa Breiland, Finnøy  
Arnstein Røyneberg, Sola  
Sonja Herikstad Skårland, Time  
Arne Berge, Time  
Bjørn Friestad, Søre Hå  
Bernt Palle Nærland, Sandnes  
Bente Gro Slettebø, Bjerkreim  
Kåre Søyland, Gjesdal  
Inga Steinsland, Bjoa

# Næringspolitiske saker

Uttale til jordbruksforhandlingane 2013.....	9
Revidering av forskrift for vern av Svarthalespove .....	14
Regionplan for Jæren 2013 – 2040 .....	15
Endringar i jordlova § 12 – deling .....	16
Forskrift for krav om løsdrift og mosjonkravet .....	16
Hold og velferdsforskriftene for produksjonsdyr.....	17
Innskrenkingar i odelskretsen og odelsfrigjerings.....	17
Nasjonal kampanjedag.....	18
Vassdirektivet, dialogmøte .....	19
Jordvernsstein, henvendelse fra Randaberg Bondelag .....	19
Gladnyhet for saftprodusentar på Jæren og Ryfylke.....	20

## Uttale til jordbruksforhandlingane 2013

*Uttalen frå Rogaland Bondelag er på grunnlag i uttale frå 23 lokallag, Questback frå 25 lokallag, uttale frå grøntutvalet, og 11 ulike organisasjonar. Alle uttalar er lagt fram for styret. I tillegg har styret hatt samrådsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar i fylket.*

### Generelt

Rogaland er eit av Norges fremste landbruksfylke med om lag 20% av dei grovfôrbaserte dyreslag og om lag 30% av dei kraftfôrbaserte dyreslag i landet. Vidare har vi om lag 10 % av landet sitt jordbruksareal og 30 % av innmarksbeite.

Verdiskapinga i primærlandbruket i fylket er om lag kr 1,8 milliardar. Marknadsinntektene utgjer kr 4,17 mrd og tilskot kr 1,2 mrd. Sysselsettinga i landbruket er berekna til 6500 årsverk. Av den totale verdiskapinga frå jordbruket kjem 52% frå mjølkeproduksjon, 13% frå sauehald og 12% frå svinhald. 57% av landbruket si verdiskaping i fylket kjem frå dei 7 kommunane på Jæren.

Størstedelen av veksten i landbruket dei siste åra har vore i Jær-regionen. Det er positivt med eit sterkt landbruksmiljø som viser vilje og interesse for å styrka sin posisjon. Sjølv om ein regi-

strerer auke i produksjonen på Jæren, ser vi også her at urovekkjande mange bønder avviklar landbruksproduksjonen på grunn av dårleg inntening i landbruket og går over i anna yrke.

I andre delar av fylket er det jamt over reduksjon for landbruksnæringa. I kommunane Sokndal og Lund sør i fylket, er talet på søkjarar av produksjonstilskot næraste halvpart dei siste 10 åra. Noko tilsvarende situasjon vil ein og finna i andre kommunar i Dalane og Nord-fylket. Får ein ikkje snu denne trenden snart, vil landbruksmiljøet fort forsvinne og bruk og produksjon vil verta lagt ned. I neste omgang får det fort konsekvensar for sysselsettinga, busetnaden, kulturlandskapet og matproduksjonen.

### 1. Målsettinga om eit aktivt landbruk over heile landet må stå fast Dette vil Rogaland Bondelag prioritera:

1. Økonomien i mjølk- og kjøtproduksjon må betrast monaleg
2. Beitebruken på både småfe og storfe må aukast, beitetilskot er ein god stimulans.
3. Frakttilskot bør utviklast vidare innan kraftfôr- og grøntsektoren.

Vidare vert følgjande påpeika som viktige forbetnings område.

- Lønnsemda i kornproduksjon må betrast, kvalitetsbetaling må vidareutviklast.

- Langsiktig ordning for investeringsstøtte for dei grøvfôrbaserte dyreslag.
- Rogaland Bondelag ber om ei utgeing på konsekvensar for total mjølkeproduksjon om mistekvota vart hevja opp til 100 000 liter.
- Rekruttering i landbruket er eit tema som må prioriterast i tida framover
- Kr 1500,- pr slakta storfe over 250 kg i klasse O, utbetaling over slakteoppgjøret.
- Rogaland Bondelag vil på det sterkaste gå mot omfordeling av midlar, særskilt ikkje frå sentrale jordbruksområde til andre område i landet.

### 2. Pris

Innføring av % toll på drikkemjøl, innføring av % toll på faste ostar bør i dette jordbruksoppgjer syne resultat med høgare målprisar på mjølk. For storfekjøt tek ein det som sjølv sagt at Nortura tar ut den beste pris som er mogleg i marknaden og at Norges Bondelag overvake prissettinga til produsent.

Innan produksjon av svinekjøt og egg er marknadssituasjonen bekymringsfull. Det er overproduksjon av svinekjøt og egg. For desse to dyreslag er det svært viktig å få kontroll på produksjonen og auka sal i marknaden. Ingen av desse produksjonane tek ut målpris og det er store innbetalningar pr kilo kjøt/egg til omsetningsrådet.

Omsetningsrådet sett i verk tiltak for å handtera overproduksjonen. Styrking av importvernet for å auke den norske matproduksjonen ut frå landbruksmeldinga sine målsettingar om auke i matproduksjonen i takt med befolkningsauken må vidareutviklast.

For å dekkja gapet i inntekt mellom lønnsnivået i industrien og landbruket bør det dekkast inn med bruk av budsjettmidlar. Dette gapet i inntektsnivå kan ein ikkje dekkja inn frå marknaden aleine.

Endelig vurdering av målpris må gjerast i samarbeid med markedansvarlege organisasjonar og avtalepartane.

Rogaland Bondelag støtte forslaget om å flytte egg og kjøt frå sau/lam ut av målprisordninga og over i volummodell slik som storfe er i dag.

Det vert difor ikkje forslag på målpris for dei produksjonane.

### Målprisar:

- Målprisen på mjølk bør løftast med om lag 35 øre pr liter.  
Geitemjølk bør løftast 35 øre pr liter.
- Grøntsektoren. Grøntutvalet tilrår ein generell auke i målprisen på 5% i gjennomsnitt. Varer som best toler auke i målprisen må prioriterast.
- Vert målprisen på korn auka må det kompenseras, slik at prisen på kraftfôr ikkje stig utover det som kan dekkast inn av reell auke i pris i sluttmarknaden.
- Målprisen på gris må aukast med kr 1,- pr kilo for å dekkja inn kostnadsauken på kraftfôr.

### 3. Budsjettoverføringar

Prioritering av ulike type budsjettmidlar  
I Rogaland vil ein prioritera følgjande verkemiddel:

1. Meir midlar til beiteltilskot, husdyrtilskot, og fraktutjamning.
2. Meir midlar til investering.
3. Meir midlar til velferdstiltak.

### Kompensasjon for auka kostnad i korn / kraftfôr

Vi legg til grunn at husdyrproducentane får kompensert ein eventuell høgare kraftforpris pga høgare målpris på korn. For den delen av kostnadsveksten på kraftfôr som ein ikkje kan ta ut med auke på prisane i sluttmarknaden må prisauken på kraftfôr kompenseras med budsjettmidlar. Kraftfôrprisen må senkas. Prisnedskrivningstilskotet må difor aukast meir enn ein eventuell auke i kornprisen.

Det er viktig at ordninga har eit system som fangar opp konsekvensar

om verdsmarknadsprisen skulle verta høgare enn målpris på norsk korn.

### Investeringsmidlar

Det er nødvendig med store investeringar i rogalandslanndbruket.

Mjølkeproduksjon er i dag ein kapitalkrevjande driftsform, og den berande produksjonen i distrikta. Investeringstøtteordningane må og verta innretta slik at mindre bruk får ta del i desse ordningane.

Innan småfeproduksjon og ammeku / storfekjøtt er det og behov for fornying av bygningsmaterialet. Fylkeslaget meiner kun grovfôrbaserte produksjonar må få tildeling av investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge.

### Fraktordningar

Fraktutjamning er eit viktig tiltak for utjamning av fraktkostnadane i landbruket. Desse midlane vert nytta målretta inn i distriktslandbruket som ein kostnadsreducerande faktor som alle aktive brukarar får ta del i.

- Etablerte fraktutjammingsordningar bør vidareutviklast.
- Det bør opprettast ei arbeidsgruppe for å sjå på ulike ordningar for frakttilskot innan grøntnæringa.
- Frakttilskot innan pelsdyrnæringa må vidareførast.
- Ordningar for frakttilskot på korn og kraftfôr må vurderast opp mot distriktpolitiske mål.

### Innretting av verkemiddel

I Rogaland er det store forskjellar innan geografi, struktur, klima og kommunikasjon. For at vi skal ha eit landbruk i heila fylket er det nødvendig med god distrikts- og strukturprofil i tilskotsordningane.

- Dagens strukturprofil bør vidareførast.
- AK- tilskotet skal gå til aktive brukarar. Målet må vera å få ei form på ordninga slik at det er aktive bønder som får AK- tilskot, dei som produserer og nyttar foret.
- For fleire år sidan vart omrekningsfaktoren for kulturbeite sett ned frå 0,7 til 0,6. For å auka bruken av beite innan småfe - og storfehold og for å byggja opp under satsinga på meir beitebruk, vil fylkeslaget be om at faktoren vert sett opp til 0,7
- Utmarksbeitetilskot må aukast med kr 70,- pr dyr.
- Organisert beitebruk må styrkast, satsen må aukast opp til kr 50,- pr dyr, p.g.a. stor kostnadsauke i jordleige, transport og tilsyn.

- For å nytta utmarka vert det lagt ned store utgifter til gjerdehold. Det bør verta innført tilskott til oppsett av gjerde for beitende dyr.
- Satsen på kulturlandskapstilskotet bør hevjast. Denne ordninga gjeld alle brukara uansett tilskottsonen.
- Økonomien i kornproduksjonen må betrast, for å få ein betre arealproduktivitet bør noko av arealtilskotet vris over til eit grunnstilskot på levert korn til mottak.
- Kvalitetsbetaling på korn må vidareutviklas.

### 4. Velferdsordningane

Ordninga for ferie og fritid og sjukdom og svangerskap som vert halde fram som dei viktigaste ordningane .

- Utgiftene med ferie og fritid er ei kostbar ordning for bonden. Satsane bør halda tritt med den generelle lønnsveksten i samfunnet.
- Innan mjølkeproduksjon bør taket hevjast, kostnadane med avløyning er spesielt høg for denne produksjonen.
- For nye brukarar må det innførast ei ekstra utbetaling for og dekkja opp utgiftene med avløyning det første 1,5 året, ein nybrukarordning.
- Deltidsbonden vert hardt ramma dersom han/ho vert råka av sjukdom, regelverket i sjukelønsordninga må endrast. Ein kan i dag ikkje få både avløyartilskot og sjukepengar.
- Tidlegpensjonsordninga må vidareførast og satsane må følgja den generelle inntektsutviklinga i samfunnet.

### 5. Erstatningsordningane

#### 6. Korn – kraftfôr

##### Kornøkonomien

Styrking av økonomien til kornproducentane bør skje ved at det vert innført eit grunntilskot for korn basert på levert vare til godkjent mottak. Deler av arealtilskotet kan nyttast ved finansiering av eit grunntilskot.

Kvalitetsbetaling på korn levert mottak bør vidareutviklast.

Kornproduksjonen i Norge er viktig for målsettinga om auka matproduksjon i takt med befolkningsauken.

##### Marknadsordninga

Markedsordninga er viktig og ansvaret for ordninga må også framover tilleggjast landbruket gjennom Norske Felleskjøp.



Lisa Breiland. Foto: Mari Medhus Breiland.

Avtalepartane har eit overordna ansvar for at regelverket knytt til marknadsordninga er tilfredstillande.

Det er viktig at ordninga har eit system som fangar opp konsekvensar om verdsmarknadsprisen skulle verta høgare enn målkornpris på norsk korn.

### Prisnedskrivinga

Rogaland Bondelag ser på denne ordninga som svært viktig og må hevjest.

Norsk korn utgjør i gjennomsnitt 50-60 % i kraftfôret. I tillegg til norsk korn vert det nytta importert korn, norsk og importert proteinråvarer, fett og ulike tilsetningsstoff, mykje for å få den kvaliteten ein krev i kraftfôret. Prisen på dette er uavhengig av jordbruksavtalen, men styrt av verdsmarkedet og avgifter. Den reelle auken i kraftfôrprisen må leggjast inn i kalkylane der ein finn kor mykje som må til for å kompensera ein auke i kraftfôrprisen.

### Kvalitetsprising av norsk korn

Generelt må forbrukarane av kornet – husdyrhaldarane og kraftfôrindustrien – i større grad enn i dag definera kvalitetskrava for norsk korn. Det er vore fokus på kvalitet og det bør setjast klare kvalitetskrav der prisinga av kornet etter kvalitet. Kornlaster med for stort

soppinnhald må forkastast som fôr og prisast lågt eller nyttast til andre ting – t.d energiproduksjon. Slikt korn må fjernast på den enklaste og billegaste måten.

Norge har ikkje beredskapslager for fôrkorn. I ei tid med uroleg verdsmarknad, prisane på korn er ustabile, fleire land som eksportere korn har innført avgrensingar på grunn av tørke og brann.

Det bør innførast eit beredskapslager med fôrkorn i Norge.

Beredskapslager for såkorn er eit samfunnsansvar og må difor finansierast utanfor jordbruksavtalen sine midlar.

## 7. Kjøtt og egg

### Sau / lam

Økonomien innan sau og lam bør betrast.

Rogaland Bondelag er positiv til den auka vektlegginga ein har hatt innan tilskotsordningane for dyr på beite. Desse ordningane bør styrkast ut frå ønskje om matproduksjon på norske ressursar.

Sau og lam er viktige kulturlandskapspleiarar i utmark og fjell. Ein auke i satsane på kr 30,- for sau på utmarksbeite og fjell er nødvendig. Utgiftene til organisering og drift av fjellbeite har gått kraftig opp dei siste åra, det er nå

færre sau / lam på beite i fjellet. Støtte til organisert beitebruk løftast opp på til kr 50,- pr dyr.

Kvalitetstillegget på lam i kvalitet O og betre må utbelast sjølv om taket på husdyrtilskot er nådd. Vert det levert lam med god kvalitet må brukaren få ta del i det uansett tal på dyr det er på bruket.

Rogaland Bondelag foreslår at øvre grense for produksjonstilskot på grasetande husdyr vert oppheva.

Dagens produksjonstilskot for sau over eit år må endrast slik at normalt påsett av lam vert teke med. Normalt påsett kan settast til 25% av vinterfora sau. Det vil fremja utskifting av avlsdyr og dermed avlsframgangen i besetningen.

### Egg

Lønnsemda i eggproduksjon er avhengig av marknadsbalanse og kontroll på fôrutgiftene.

Auke i kraftfôrkostnadane med bakgrunn i auka kornpris må kompensierast med budsjettmidlar.

Det er overproduksjon av egg, næringa må få kontroll på produksjonen slik at nåverande målpris kan tas ut og omsetningsavgifta som finansiere overproduksjonen kan reduserast. Det er ikkje rom for auke i målpris på egg.

## Gris

Det er overproduksjon på svinekjøt, om ikkje salet aukar vil denne situasjonen gjelde i alle høve ut dette året. Næringa klare ikkje å ta ut målpris. Innbetalinga av omsetningsavgift som finansiere regulering av overproduksjonen er høg. Det er ikkje rom for å auke målprisen på svinekjøt.

Det bør gis ein auke i produksjonstilskot på kr 1000,- på dei første 35 purkene.

For slaktegris bør satsane pr dyr hevjast til kr 30,-.

Det bør ikkje foretas endringar i dagens konsesjonsgrenser for gris.

## Storfe/ammeku

Det har i lang tid vore underskot av norsk storfekjøtt på marknaden. Det bør stimulerast til ein auke i produksjonen av norsk storfekjøtt. Nortura som administrer prisløypa for storfekjøtt må oppmodast til å heile tid utnytte marknadssituasjonen for kjøtt. Styret i Rogaland Bondelag tek det for gitt at det er ein god dialog mellom Nortura og Norges Bondelag.

Skal ein få opp produksjonen på storfekjøtt i landet må pris på storfeslakt hevjast i tillegg til andre stimulerings tiltak for å fram kalv til denne produksjonen.

For å stimulera til ein auke i storfekjøttproduksjonen må det innførast eit kvalitetstilskot pr slakta okse/kastrat over 250 kg slaktevekt med min klasse O på kr 1500,- som vert utbetalt over slakteoppgjeret.

Om ikkje ordninga vert praktisert over slakteoppgjeret vil Rogaland Bondelag foreslå at ein oppheve øvre grense for produksjonstilskot på grøvforserte husdyrslag.

Medlemmar i samdrifter kan i dag ha eigen kjøttproduksjon, men får då bare husdyrtilskott dersom det dreier seg om minimum 50 % kjøttferase. Kravet om 50 % kjøttferase bør ikkje gjelde hanndyr.

## Pelsdyr

Pelsdyrnæringa er i hovudsak ei distriktsnæring i kombinasjon med andre produksjonar på garden, samanlikna med internasjonal pelsdyrproduksjon er besetningane hjå oss små. Nærast alle pelsdyrskinn vert selde på verdmarknaden. For å oppretthalda distriktsstrukturen som er i næringa er det viktig med stabile ramevilkår med frakttilskot til råvarer og for.

## 8. Grønsaker, frukt og grønt.

Styret viser til Grøntutvalet sin uttale og støttar opp om den. Styret vil trekkja fram nokre viktige saker grøntnæringa har fokusert på i fleire år:

Grøntutvalet vil på bakgrunn av innkomne uttalar og innspel på møte prioritera følgjande :

- Eit fortsatt sterkt tollvern er viktig for heile den grønne sektoren.
- Regelverket i import- og tollregimet må utnyttast til fordel for norsk produksjon av frukt og grønnsaker.
- Innføra fraktordningar for grøntsektoren, då særleg innfrakta.
- Distrikts- og kvalitetstillegget bør hevjast og særleg for produksjonar der ein ikkje kan auka målprisen.
- Auke i øvre prisgrense for agurk og tomat. Øvre prisgrense er i dag 12% over målpris, Grøntutvalet i Rogaland tilrår at denne grensa vert hevja til 20%.
- Det må setjast i verk tiltak som hindre import av grønnsaker til dumpingprisar.

- Målprisen kan nyttast betre som styringsreiskap på fleire produkt, til dømes ein auke i målprisen god tid før jul til etter nyttår. Frå veke 49 til veke 5.

- Gartnarar/bruk som hentar hovud delen av inntekta si frå produksjonen må prioriterast.

## 9. Mjølke (ku og geit)

### Generelt

Rogaland Bondelag går inn for at ein både for ku- og geitemjølke fortsatt bør ha ei kvoteordning.

Rogaland Bondelag ønskjer ei harmonisering av ramevilkåra mellom enkeltføretak og samdrifter.

Det grunnleggjande i kvoteordninga for mjølke må vera at det skal produserast mjølke i heile landet. Det må setjast inn meir målretta tiltak for å behalda mjølkekvoteane i distrikta

Eksisterande støtteordningar kan utviklast vidare, innan investeringsordningar og dagens ordning for distriktsstilskot. Det er økonomien i mjølkeproduksjonen som er avgjerande om det skal produserast mjølke på bruket.

### Prisutjevning (PU)

#### - ordninga innan mjølke

Det er avgjerande for mjølkeprisen at PU – ordninga vert vidareført og ein har fokus på om ordninga er i samsvar med målsetjinga og er optimal i høve mjølkeprodusentane sine interesser.

Mellom dei ulike meieriselskapa må det vera like konkurransevilkår. Ramevilkår som stimulerer til nyetablering av meieriselskap må vera tidsavgrensa.

*Foto: Bondevennen*



## Økonomi

Økonomien i norsk mjølkeproduksjon må betrast.

Det er store forventingar til ein auke i målprisen på mjølk etter innføringa av % toll på mjølk og faste ostar. Mjølkeprodusentane forvente resultat. Importvernet må nyttast aktivt, mjølkeproduksjon som gjer inntekt er bærebjelken i landbruk for heila landet

Mjølkeproduksjonen er den berande produksjonen i distriktsjordbruket. For å styrka økonomien og rekrutteringa i mjølkeproduksjonen i desse områda bør distriktstilskota hevjast.

Mjølkeproduksjon må få ei særskilt behandling i ein ny investeringspakke.

## Geitemjolk

Produksjonen av geitemjolk må vera etter behov i marknaden. Staten bør kjøpe opp kvotar som kjem på sal fram til det er marknadsbalanse. Overproduksjon bør ikkje løysast ver å endre på forholdstalet.

Driftstilskotet bør vera likt over heile landet. Vidare må det gis tilskot til drektige påsettke over 9 mnd. på line med vaksne geiter som har kjea.

## 10. Næringsutvikling og kapitaltilgang

### Næringsutvikling

- Investeringsstøtte kan vera avgjerande for god rekruttering til landbruket og kan vidareutviklast innan eigedomskjøp nyinvestering i bygg og tekniske hjelpemiddel.
- Investeringsstøtta må hevjast for alle nybygg innan grovførbaserte produksjonar.
- I Rogaland er Måltidets Hus etablert. Bygget er eit senter for FOU og innovasjon i matnæringa for heile landet. Blant anna er Tine si FOU avdeling lokalisert her og vi har Gastronomisk institutt sine aktivitetar i dette huset. Måltidets Hus får kr 1mill. årleg i driftsstøtte gjennom jordbruksavtalen. Det vert anbefalt at dette tilskotet vert vidareført.

## Kapitaltilgang

Med aukande kapital slit i landbruket og behov for nye store investeringar i heile landbruket delvis og på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsvirkemiddel aukast vesentleg. Den totale rama til tradisjonelt landbruk i BU-ordninga må aukast kraftig og gjennom det må Rogaland få auka si ramme vesentleg for at ein skal koma opp mot det behovet vi har ut frå produksjonsomfanget i fylket.

I fylket er det ein klar distriktsprofil på løyving av tilskot og rentestøtte. 70% av midlane skal nyttast i distrikta og 30% av midlane i dei meir sentrale områda i fylket (Jæren). Det er ein tydelig distriktsprofil i ordningane.

- Maksimal støtte på kvart prosjekt bør aukast til 50% av investeringskalkyle med eit maksimalbeløp på kr 1,8 mill.
- Ordninga med rentestøtte må utbetalast over til dømes fem år, ikkje som i dag 15 år, utan at beløpet vert redusert. Det er dei første åra etter ei investering likviditeten er vanskelig.
- Innovasjon Norge bør ikkje gi investeringsstøtte til kraftfôrbaserte produksjonar uansett landsdel.

## 11. Miljøverkemiddel (bl.a. SMIL og RMP)

Med grunnlag i utfordringa næringa i fylket har ang. forureining og klimareta tiltak har ein her i fylket alt i fleire år arbeidd aktivt for å gjennomføra ekstra tiltak for å møte desse utfordringane og redusera forureininga. Gjennom arbeidet i Vannområde Jæren, har ein oppnådd vesentlege forbetringar og det er eit klart behov for ennå sterkare satsing på frivillige miljøtiltak i landbruket. Nå omfatte EU sitt vassdirektiv alle vassdrag, i enkelte vassdrag vil jordbruket møte utfordringar som ein bør løysa med frivillige tiltak. Etter styret si vurdering bør potten som kan nyttast innan frivillige ordningar for betre vassmiljø aukast også dette året.

## Klimatiltak

Avsette midlar til grøftetilskot må koma i bruk. Ordninga bør vidareutviklast og gjelde alt areal nytta til matproduksjon.

Ved innføring av dyrkingsrestriksjonar eller andre avgrensingar på matproduksjonen må det faglege grunnlaget for tiltaket og konsekvensane vurderast nærare.

Landbruket kan verta ein stor energi leverandør innan fornybar energi innanfor transport og oppvarming med blant anna husdyrgjødsel og trevirke som råstoff. Det må utviklast kompetanse i Norge innan prosjektering, bygging av anlegg, drift og vedlikehald i denne sektoren.

Tilrettelegging / infrastruktur for bruk av bioenergi må vera eit samfunnsansvar. Rogaland Bondelag forutsett at ordningar eller nye rammevilkår innan klimatiltak vert rasjonelle, forutsigbare og effektive slik at midlane kjem raskt

ut til bonden og midlane i mest mogleg går til klimatiltak og ikkje til administrasjon

## Grøftetilskot

Om ein skal ha ein auke i matproduksjonen på line med i befolkningsauken må arealproduktiviteten på gras og korn verta vesentleg betre enn i dag. Grøftetilskote som vert innført i førre jordbruksoppgjær må setjast i verk og ordninga må gjelde for alle produksjonar utan avgrensing på minsteareal.

Rogaland Bondelag forutsett at ordninga vert rasjonell, forutsigbar og effektiv slik at midlane kjem raskt ut til bonden og midlane i mest mogleg går til grøfting og ikkje til administrasjon.

## 12. Økologisk landbruk

Etterspørsel etter økologisk produserte jordbruksprodukt skal dekkast opp med norskproduserte vare som er naturleg å dyrke her til lands. Ekstrakostnaden produsenten har med økologisk drift skal koma frå marknaden med høgare pris på levert vare. I dag er økologisk produksjon innan dei fleste produkta høgare enn marknaden tek ut. Ein bør ikkje oppmuntre til økologisk produksjon før avsettinga i marknaden av økologisk produsert vare tek seg opp.

## 13. Skatt/avgift/fond

Det er behov for store investeringar i landbruket.

- Det må etablerast mulighet for fondsavsetning til framtidig investering. I skogbruket har ein ei slik ordning som kan utvidast til og å gjelda landbruket.
- Jordbruksfrådraget sine satsar bør ikkje endrast. I dag er jordbruksfrådraget knytt til føretak. Frådraget må knytast til person der begge ektefelle mottar jordbruksinntekt, eller det er to generasjonar som er aktive på garden.
- Bonden må få behalda produktivtetsgevinsten

## 14. Anna Rekruttering

Rekruttering til næringa bør styrkast, for mange personar som skulle satsa innan landbruksnæringa vel anna yrke enn landbruk.

Hovudgrunnar til denne situasjonen er stort arbeidspress og lita inntening. Betre generelle økonomiske rammevilkår og gode avlørsarordninga er viktige. Nye brukarar må få ein startspakke slik

at dei ikkje treng gå opptil eit år og meir, før dei får støtte over jordbruksoppgjæret.

Skal unge interesserte personar få plass i landbruket bør ein vera med og leggja til rette for at seniorane kan gå ut i anna yrke.

### Kompetanse

Dagens landbruk krev god kompetanse innan fleire område. Marginane innanfor både planteproduksjon og husdyrhald vert redusert, og strukturrasjonaliseringa gjer at driftsomfanget nærast vert større for kvart år. Dette krev god kompetanse innan leiing, økonomi agronomi, husdyrproduksjon osv.

Kompetanseheving til rettleiingsstenesta er viktig. Det vert arbeid med å etablera kompetansesenter for landbruket, oppretting av slike sentra bør prioriterast økonomisk.

Fylkeslaget støttar kravet om kompetanse som agronom for å produsera mat.

### Energi

I landbruket er det store ressursar innan bioenergi, med råstoff frå tremasse og husdyrgjødsel. Det er avgjerande med betring av ramevilkåra på investering og langsiktige ramevilkår som sikre avsetnad av energi til ein pris som forsvare investeringar og drift av anlegg for bioenergi.

Både vasskraft og vindkraft kan i fleire område vera gode tilleggsnæringer innan landbruket.

